

Møtereferat etter møte styringsgruppa 29.8 2017

Til stades: Oddvar Grøthe, Odd Holde, Kjell Erik Skolt, Janne Brøndbo, Henrik Thorset og Odd Magne Anderdal.

Styringsgruppa hadde ein gjennomgang av oversikt elevtal 1-10 skulen perioden 2008-2026. Elevtalet varierer frå ca 295-317. Oversikt viser ingen tydeleg vekst, men variasjon lik det ein har hatt dei siste 10 åra. Styringsgruppa var usikre på kor mykje nedlegging av asylmottaka påverkar tala.

Behov ved dagens HBU er fyrst og fremst gruppe/møterom og arbeidsplass for dei tilsette, samt at baseløysinga har vist seg å vera noko uhensiktsmessig.

Henrik J. Thorset hadde ein kort gjennomgang av *Temaplan for området rundt Bygdaheimen, kommunehus og helsesentret som eit område for bu- og behandlingssenter frå 2011.*

Hovedkonklusjonane i temaplan er:

- Aukande behov for ulike typer omsorgsbustader.
- Vanskeleg å løyse alle komande behov innafor dagens offentleg eigde areal.
- Viktig med nærleik til helsesenter og bygdaheimen.
- Sambygging med HBU kan vera areal og ressursbesparande.
- Aukande behov for fleire kontor/arbeidsplassar

Deretter presenterte Henrik bustadbehova innan helse og omsorg i eit langsiktig perspektiv. (År 2040)

- Det vil vera behov for 20 nye omsorgsbustadar for eldre. (I tillegg til dagens 12)
- Det vil vera behov for 8 nye barne og avlastningsbustadar (I tillegg til dagens 4)
- Det vil vera behov for 10 nye sjukeheimsplassar. Dette om omsorgsbustadbehovet vert dekket.
- Andre bustadbehov i høve rus, psykiatri etc er vanskeleg å talsette.

I tillegg til dette er det eit behov for større hjelpemiddelsentral/lager, dagsenter, kapell/samlingsrom, reinhaldslager og kontorplass/arbeidsplassar innan både helse og pleie.

Styringsgruppa ser for seg fylgjande innspel til arealbehov i høve pågåande reguleringsplanarbeid Trøim øst.

- Ca 5 mål frå eigedommen til J. Trøim jamføre skulesentraliseringsvedtak
- Meir arealbehov langs Imrevegen
- Lite område mellom Hemsedal Maskinlag og Helsesenteret.
- Vurderingar rundt LA8

Arbeidsoppgåver til neste møte:

- Helse og omsorgsetaten (Henrik/Borghild) skal til neste møte:
 - ✓ Vurdere dei ulike behova innan etaten.
 - ✓ Prioritering av dei ulike behova.
 - ✓ Kva er mest fordelaktig plassering.
 - ✓ Vurderingar rundt sambruk.

Arbeidsoppgåver under neste møte:

- Etablering av tidsplan/framdriftsplan samla for behova innan skule/barnehage og helse og omsorg.

Møteplan fram til November:

2.10 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

12.10 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

17.10 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

Odd Magne Anderdal

Referent